

# **Knud Knudsen og upphavet åt ordet ordskifte**

*Sverre Stausland*

## **Inngang**

Skulasynaren Knud Knudsen (1812–95) frå Holt i Agder vert jamt halden fyre å vera hovudmannen attanfyre det norsk-danska blandingsbokmålet i Norig (Hægstad, 1924, s. 44; Indrebø, 1947, s. 70–71; Seip, 1976, s. 49–51). Ei av dei største merkesakerna hans var å setja heimlege norske ord i staden fyre dei utlendske — ikkje berre dei tydske, romske og græske, men dei danske med. Denne vinno kom på hæddi i 1881 med ordboki *Unorsk og norsk* på mesta tusund sidor. Det mest kjenda avløysarordet i denne ordbokti er visselega *ordskifte*, som er sett til å løysa av *Debat*, *Diskussion*, *Disput*, *Disputation*, *Drøftelse*, *Ordfeide*, *Ordvexel* og *Ventilation* (1881, s. 113, 127–128, 136, 573, 574, 945).

Det er two grunnar til at detta ordet er vortet so kjent fyre å vera eit avløysarord. Den eine er at ordet hev havt stor framgang i Norig, serlega i målrørslo, der ein helst talar um *ordskifte* i staden fyre *debatt* og *diskusjon*. Den andre grunnen er at ordet jamt vert halde fram til eitt av myket fåe døme på at Knudsen eit henda sinn greidde å nå fram med målreinskingi si. I desse framleggingarne vert det oftaste sagt at Knudsen lagade detta ordet sjølv. Fyremålet med detta bokstykket er å mæla imot det påstandet. Eg skal syna at Knudsen ikkje «fann på» elder «lagade» ordet *ordskifte*, og at det fyrst og fremst kjem frå dansk bokmål.

---

Detta stykket bygger på ein fyelesnad eg heldt i Høgnorskringen 26/2 2024 og i *Forum for allmenn lingvistikk* på Allskulen i Oslo 31/5 2024. Takk til møtelyden fyre spørsmål og merknader, og takk til Thorgeir Holm, Anders Olsen Søyseth og Ole Jakob Totland som alle las oppkast til detta stykket.

### «Knudsen lagade ordet *ordskifte*»

I den mun folk trur dei veit nokot um upphavet åt ordet *ordskifte*, segjer dei gjerna at detta var eit ord som Knud Knudsen «lagade» elder «fann på». Eg hev sjølv havt denne rangtrui, og det er ikkje til å undrast på, for det stend i den norskboki eg hadde på framhaldsskulen (Berge, 1995, s. 82). Ein kann lett finna detta påstandet i ei heil rad med skulabøker, yrkesbøker, bladstykke og ymsa ordingar og fråsegrar. Det er inkje gagn i å remsa upp alle desse stelli her. Eg skal halda meg til dei tilfelli der påstandet kjem frå målgranskurar på allskularne. Mange av deim hev au fått um detta i skulabøker, men det er so mange av desse skulabökerna frå 1980-åri og frametter at eg berre tel opp deim som er eldre en det. Her kjem eit upptal med deim som er elder hev voret hågsynarar på allskulen, og som hev fått um at Knud Knudsen sjølv lagade ordet *ordskifte*:<sup>1</sup>

- Didrik Arup Seip (1919, s. 53; 1936, s. 485)
- Einar Lundeby (Lundeby og Torvik, 1956, s. 69; Berulfsen o.a., 1967, s. 95; Lundeby og Torvik, 1972, s. 72; Leitre, Lundeby og Torvik, 1975, s. 65; 1990, s. 121; Lundeby, 1995, s. 4; 2005, s. 1993)
- Dag Gundersen (1967, s. 21)
- Finn-Erik Vinje (1972, s. 117; 1979, s. 220; 2001, s. xiii; 2002, s. 300)
- Vemund Skard (1976a, s. 115–116; 1976b, s. 115–116)
- Eyvind Fjeld Halvorsen (1983, s. 30)
- Lars S. Vikør (Vikør, 1990, s. 62; Torp og Vikør, 1993, s. 194–195; 2014, s. 212)
- Hildegunn Otnes og Bente Aamotsbakken (1999a, s. 143; 1999b, s. 146)
- Tove Bull (Gundersen og Bull, 2021)

I detta upptalet hev eg berre teket med dei stelli der det holder eintydigt vert sagt at Knudsen lagade ordet *ordskifte*, med ordleggingar som «Knudsen har (selv) laget», «hans nylaging», «lager sjøl/laga sjølv», «of his own making», «Knudsens nylagede ord», «han selv har laget», «stammer fra Knudsen», «hans nyord», «Knudsen-danning», «Knudsen er opphav til», og dilikt. Eg hev

---

1. Manga av tilvisingarne i detta upptalet er til bøker som er utkomna i manga utgjever. I dei falli fører eg berre upp fyrsta og sidsta (til no) utgjevi.

komet yver langt fleire stelle der skrivaren synest vilja segja det sama, men der det ikkje er skillegt nog til at eg kann halda det fyre visst.<sup>2</sup> Andre merkande stelle der detta påstandet kjem fram, er millom andre i den stora livssogo um Knud Knudsen (Johnsen, 2006, s. 308).

Ingen av desse folki segjer nokot um nårtid Knudsen skal ha lagat ordet, men flestalle viser til den nemnda uppnorskingsordboki hans frå 1881, *Unorsk og norsk*. Fyrsta sinnet eg kann finna at Knudsen tok til ordet *ordskifte*, er i nokra uprentade uppteikningar frå 1853 (Knudsen, 2001, s. 113, 124). Fyrsta skovet han sette ordet på prent, var i 1867.

Erso alle desse folki hev rett i at Knudsen lagade detta ordet, då kann ikkje ordet ha funnest fyre 1853, som var då Knudsen tok til å nøyta ordet. Fyrste staden ein hev å sjå etter detta ordet, er i dei eldste bokmåli våre, gamalnorsk og gamaldansk.

## Gamalnorsk og gamaldansk

Ordet *ordskifte* er ikkje kjent frå gamaldansk (Lund, 1877; Kalkar, 1881–1918). Men i gamalnorsk kjenner me ordet frå eit brev gjort i Bjørgvin i 1307 (DN I 110, RN III 394). Det fortel um ein mann, heiter Erlend, som kjem til tingstovo og kjærer på brøderne Hollolv og Aslak fyre at dei ikkje hev svarat leigo si. Domstolen held med Erlend, og attpå skilar dei honom ei bot *fyrir þann þykk ok orðaskipti sem Høllolfr hafði veitt honum* ‘fyre den tykk og ordskifte som Hollolv hadde gjevet honom’. Her kann me skilja at Erlend hev reist saki med Hollolv, som hev svarat med neisande skitord, og det endar med at Hollolv lyt bøta fyre ‘tykk og ordskifte’. Samanhengen gjeerer det skillegt at *ordskifte* her tyder ‘ordkast, ordhogg’.

Eg kjenner ikkje til andre døme på detta ordet i gamal- eller millomnorsk tid på norsk grunn. Men nordmennene tok med seg målet sitt då dei busette seg på Island, og sidan den gamle islenske bokheimen er større en den norske, finn me ordet fleire skovder. I den bokheimen tyder det sumstad ‘ordkast, tvidrætte’: *hann [...] veitti háðulig orðaskipti* ‘han gav hådlege ordskifte’,<sup>3</sup> *spyrið nú aðra gyðinga, þá er orðaskipti áttu við mik* ‘spry no dei andre judarne,

2. Eit nokot nytt døme på det er det når Stjernholm (2021, s. 116) skriv at *ordskifte* er eit «kjent Knudsen-avløserord».

3. I handritet *Holm perg 18 4°* frå um lag 1300 (Oddr Snorrasson, 1932, s. vii, 173; *Registre* 1989, s. 355, 475).

som åtte ordskifte med meg'.<sup>4</sup> Annarstad hev ordet ei mildare tyding 'dryfting, ordtevling': *sigraði hon með snildarorðum konunga ok klerka, ef orðaskipti áttu við hana* 'ho sigrade kongar og klerkar med hage ord, um dei åtte ordskifte med henne'.<sup>5</sup> Og endelega kann ordet au hava den lausaste tydingi 'røda, samtale': *áttust þeir við drykkju ok orðaskipti* 'dei åttest med drykk og ordskifte'.<sup>6</sup> Ordet er elles kjent frå eit gammalt skaldkvæde, men her er det nokot uvisst kvat ordet skal tyda.<sup>7</sup> Merka at ordlaget *at veita einhverjum orðaskipti* 'å gjeva einkvar ordskifte', som me ser tvau skov i desse dömi, syner at *ordskifte* på gamalnorsk kann vera einsidat; ein mann kann gjeva ein annan ordskifte.

Samansetningi *orðaskipti* er gjenomsynleg på gamalnorsk, for det er avleidt frå ordlaget *at skipta orðum við einhvern* 'å skifta ord ved einkvar, å tala ved einkvar' (Fritzner, 1886–96 3, s. 345). Det gjeld ikkje berre *ord*; på gamalnorsk kann ein au skifta *hogg, våpen, gjever* og annat, og på den visi skipa samansetningar som *hoggsvaskipti, våpnaskipti* og *gjafaskipti* (sst. 1, s. 601; 2, s. 180; 3, s. 345, 864). Som ventande er, finst både ordlaget *að skifta orðum við einhvern* og samansetningi *orðaskifti* på nyslendsk enno (Blöndal, 1920–24, s. 606, 721; Jón Hilmar Jónsson, 2005, s. 492, 599).

Som denne bolken hev synt, fanst ordet *ordskifte* i norskt mål og på norsk grunn mange hundrad år fyrr en Knud Knudsen tok til å nøyta ordet. Alle dei målgranskaranne som vart nemnde på sida 49, kann med det ikkje hava rett i at Knudsen sjølv lagade ordet.

### «Knudsen kveikte uppatter det gamalnorska ordet»

At ordet alt fanst i gamalnorsk, hev andre seet fyrr, det er sjølv sagt. Målgranskaren Alf Sommerfelt, som var med på å gjeva ut

- 
4. I handritet *Holm perg 2 fol* frå fyrsta halvo av 14-talet (Unger, 1877 2, s. 271; *Registre* 1989, s. 385, 473). Detta stellet er ei umsetjing frå det romska fyrelaget, der det stend *interrogātē ceterōs iūdaeōs, quī nōbiscum iniēre conflictum* (Unger, 1877 1, s. xxi; Mombrilius, 1910, s. 527). Det romska ordet *conflictus* tyder bokstavlega 'samtøyst' (Steinnes og Vandvik, 1965, s. 160).
  5. I handritet *Holm perg 6 4°* frå um lag 1400 (Slay, 1997, s. xvii, 2; *Registre* 1989, s. 336, 474).
  6. I handritet *GKS 2367 4°* frå fyrsta halvo av 13-talet (Snorri Sturluson, 1931, s. v, 78; *Registre* 1989, s. 387, 472).
  7. Kvædet stend millom annat i handritet *AM 748 1 b 4°* frå um lag 1300 (Óláfr Þórðarson hvítaskáld, 1998, s. 31; *Registre* 1989, s. 257, 464). Vendt læt *opt geri'k orðaskipti einrónliga* 'ofta gjerer eg ordskifte avbragslega'. Sume trur *ordskifte* her tyder 'ordbrigde, ordvending' (Sveinbjörn Egilsson, 1931, s. 439), andre at det tyder 'røda, samtale' (Óláfr Þórðarson hvítaskáld, 1998, s. 115; Wills, 2017, s. 358–359).

den stora Norsk riksmålsordbok, skriv under detta uppslagsordet i ordboki at det er «eft[er] g[ammel]no[rsk] orðskipti [sol], først brukt i nyere sprog av Knud Knudsen», og i rettleidingi skriv dei at «etter» her skal lesast «dannet etter det eller det fremmede ord som mønster (oversettelseslån)» (NRO 1, s. xiv; 2, s. 549). Påstandet frå Sommerfelt er med andre ord at *ordskifte* ikkje vart nøytt i «nyere sprog» fyrr en Knudsen gjorde det, og at Knudsen «dannet» ordet etter gamalnorsk leist.

At *ordskifte* skulde vera eit nytt ord som vart uppatterkveikt frå gamalnorsk, er eit påstand som hev funnet vegen frå Norsk riks-målsordbok og inn i ei rad ordbøker, millom deim *Nynorskordboka* (Hovdenak o.a., 1986, s. 510; 2006, s. 867), *Aschehoug og Gyldendals store norske ordbok* (Guttu, 1991, s. 431; 2017, s. 790) og *Norsk ordbok* (NO 8, s. 917).<sup>8</sup> Netordboki *Det Norske Akademis ordbok* skriv lika eins at ordet er «etter norrønt orðskipti, først brukt av Knud Knudsen i nyere språk»,<sup>9</sup> og på Facebook den 2/10 2020 var *ordskifte* «ukens ord» på sido deira, og dei skreiv «Visste du at ”ordskifte” ble tatt opp på nytt fra norrønt av språkmannen Knud Knudsen som et norsk erstatningsord for ”diskusjon”?».<sup>10</sup>

Grant kvat Sommerfelt legg i «nyere sprog», er ikkje sjølv-gjevet. Men det er rimelegt å tru at me skal lesa «nydansk», det er dansk etter år 1700 (Skautrup, 1953, s. 1), og ikkje «nynorsk», det er norsk etter år 1525 (Indrebø, 2001, s. 38). Det er mange grunnar til å tru det. Fyre det fyrsta er ordboki Sommerfelt skreiv i, ei ord-bok fyre det danska målet i Norig, ikkje ei ordbok fyre nynorsk. Og fyre det andra skreiv Knud Knudsen sjølv på dansk, ikkje på norsk. Ersø Sommerfelt hev rett i at Knudsen var den fyrste til å nøyta ordet *ordskifte* i «nyere sprog», då vert det samstundes eit påstand um at ordet ikkje fanst i nydansk fyre 1853, som var då Knudsen tok til å nøyta ordet.

## Nydansk i Danmark

Fyrst skal me sjå på det nydanska målet i Danmark, fyrr en me i næste bolken tek fyre oss nydansk i Norig. Eldsta dømet eg hev greidt å finna på ordet *ordskifte* i ei nydansk bok, er frå 1753, der det stend *Hver [Student] i sær er forbunden offentlig at holde et lerd*

8. Som på sida 49 fører eg berre upp fyrsta og sidsta utgjevi av bøker som er ut-komna i mange utgjever, sjå fotmerknad 1.

9. <https://naob.no/ordbok/ordskifte>, leset 1/7 2024.

10. <https://www.facebook.com/naob.no/posts/1662902327216765>, leset 1/7 2024.

*Ordskifte eller Disputasz engang om Aaret* (Rothe, 1753, s. 734). Elles finn me ordet i suma ordbøker frå denne tidi:

**Disceptatio, -onis, f. 3.** Stridighed, Trette; it. mundtlig eller skriftlig, for Retten eller imellem Lærde, udført Forklaring, Udvikling, Afhandling, Undersøgelse af en juridisk Quæstion eller af en problematisk Materie: Ordskifte, Disput, Ventileren [...]. (Baden, 1786 1, s. 126)

**Ventilation**, en, Overveielse, Beraadslagning, Drøftelse, Ordskifte, Undersøgelse. (Primon, 1827, s. 462)

**Ordskifte, et.** Samtale, hvori de Talende hyppigen afbryde hinanden; Ordvexling, Ordstrid. (Molbech, 1833 2, s. 139–140)

**Ordskifte** orðaskipti (sb. áttust þeir við drykkju ok orðaskipti); einkum = **Ordstrid**.

[...]

**Ordvexling** = **Ordskifte**. (Konrað Gíslason, 1851, s. 348)

I alle desse dømi kann me sjå at *ordskifte* vert uttydt med radt dei same ordi som Knudsen vilde løysa det av med i ordboki si, sjå sida 48. Eg hev elles funnet nydanske døme fyre 1853 som er audsynte merke på at *ordskifte* au kunde tyda ‘røda, samtale’ ålmement, som på gamalnorsk (sjá sida 51). I ei dansk umsetjing av Saxo skriv Nikolai Grundtvig prest um eit *opmuntrende Ordskifte* millom two menn i eit langt kvæde, og her set han um den romska ordleggingi *exhortatiōnum seriem* ‘ei rad med uppmodingar’ (Saxo Grammaticus, 1818, s. 134; 2015, s. 14). Denne lausa umsetjingi syner at Grundtvig hev valt ordet *ordskifte* frelst, ubunden av det romska grunnordet. Den nya danska umsetjingi hev *række af opildnende taler* (Saxo Grammaticus, 2005, s. 189). Eit annat døme av sama merket frå Grundtvig er detta stellet (1844, s. 12):

Her aabnede sig nu den allerbedste Leilighed til et venligt Ordskifte med det „Unge Danmark”; thi som jeg, endnu med lidt af Taarerne i Øiet, [...] saae ud over det krusede Hav, [...] da fik jeg inderlig Lyst til at lade Ungdommen vide, hvor inderlig vel jeg følde mig i dens Midte [...].

Dei vellåtande ordi *opmuntrende* og *venligt* som Grundtvig hev i lag med *ordskifte* i desse tvau dømi, syner at ordet ikkje kann lesast med tydingi ‘ordkast’. Det er elles mange døme på detta ordet i danske bøker i tidbolken 1800–50. Men oftaste er det uråd å gjera av

her um ordet *ordskifte* ligg meir mot ‘røda’ elder meir mot ‘ordkast’. Ofta ligg det berre laust ein stad imillom.

Utgangen er i alle høve at ordet *ordskifte* er vel stadfest i nydansk lester. Det er serlega verdt å merka at ordet kjem fram i so mange ordbøker. Når dei vel å hava det danske ordet *ordskifte* til å tyda ut ord i utlendske mål, til å tyda ut lånord i dansk, og enda-lega til å fortelja lesararne korso dei kann få sagt ordet på andre mål, då er det alt lagt saman eit skillegt merke på at *ordskifte* inkje kann ha voret eit uvanlegt ord i dansk i bilet 1750–1850.

### Nydansk i Norig

Eit annat spørsmål er um nordmenner hadde ordet i nydansk lester i Norig fyre 1853. Eg hev berre funnet døme på at nordmannen Hans Brun fyrelesar, fødd i Sud-Trøndalag (Halvorsen, 1885–1908 1, s. 473; Hanssen, 1925, s. 215) og sidan oslohue, hadde ordet på prent tvau skov i 1852; eitt skov i den nya norska årgangsskrifti *Folkevennen*, og eit annat skov i ei folkabok um norrøne gudar:

Ikke en Taare kom ud paa Gudrun, før hendes Søster Guldrand faldt paa at drage Klædet bort fra Ligets Aasyn, da brød Graaden løs, og Gudrun hulkede saa højt, at hendes Svaner ude i Gaarden istemte Klagen. Med et Ordskefle mellem Guldrand og Brynhild, som harmedes over at Gudrun fik græde, ender Sangen, men ikke Gudruns Kvaler. (Brun, 1852a, s. 128–129)

Da kom Udgardiloke, lod et Bord sætte frem og beværtede dem paa det Prægtigste, hvorpaa de drog afsted og blev af Værten fulgt uden for Borg'en. Heraabenbarer han endelig Thor, efter et Ordskefle, Sammenhængen med det hele, og maatte tilstaae, at Thors Magt var saa stor, at han nær havde voldet Jetter den største Ulykke. (Brun, 1852b, s. 31)

I både desse tilfelli synest Brun hava ordet i tydingi ‘røda, samtale’, og ikkje i tydingi ‘ordkast’ eller ‘dryfting’. Brun var ein ihugad «grundtvigsmann», og skreiv ei stor livssoga um Grundtvig i 1879–82 (Halvorsen, 1885–1908 1, s. 473). Kann det vera at Brun hemtade ordet i denne tydingi frå dei Grundtvig-bøkerna som vart nemnda i fyrre bolken? På denne tidi kjende au Brun og Knud Knudsen ein-annan (Dahl, 1962, s. 24). Eit vitne på kor nær Knudsen og Brun stod einannan, er at Brun var den einaste som fekk pengar i ervebrevet hans Knudsen (Johnsen, 2006, s. 387). Det er ikkje av vegen å tru at Knudsen hev leset ordet hjå Brun i 1852 og teket ordet derifrå, for

Knudsen kann sjølv fortelja at han hev fenget andre avløysarord frå Brun, som til dømes *skrift-verden* fyre *Literatur* og *raske-papir* fyre *Makulatur* (Knudsen, 1881, s. 463, 485).

Knudsen var i alle høve ikkje fyrste nordmannen som nøytte ordet *ordskifte* i norsk-dansk lester, for det synest vera Hans Brun. Sidan me veit at Brun og Knudsen stod einannan nær, og at Knudsen elles hev fenget avløysarord frå Brun, slår eg på at Knudsen kann ha teket ordet frå Brun. Det finst elles framslag um at Knudsen hev teket ordet frå andre nordmenner, det er Andreas Faye og Ole Vig. Desse framslagi skal me sjå på i dei næste two bolkarne.

### **«Knudsen tok ordet frå Andreas Faye»**

Andreas Faye var prest og ordførar i Holt i Agder, same staden som Knud Knudsen var frå (Braadland, 2001, s. 79; Vinje, 2002, s. 299). Etter honom finst det ei handskrivi og ufullgjord ordskrå som Norskt målføregøyme gav ut i 1958. I denne skråi stend «*Debat* (fr) = *Meiningsskifte*. *Ordskifte*» (Faye, 1958, s. 15). Bak i den utgjevna boki er det tillagt eit stutt ordupptal som skal vera «noko eldre» en hi skråi, og her stend det au «*Debat — Ordskifte*».

På detta grunnlaget skriv Anders Skrede Evensen at «Knud Knudsen har påstått at han har vore meister for dette ordet [*ordskifte*]. Det mest sannsynlege er likevel at Knudsen har funne ordet i Fayes dansk-norske ordbok frå 1840» (1979, s. 74), og målgranskaren Kjell Venås hev fylgt Evensen i detta stykket (1985, s. 32).

Me veit frå uppriti etter Knudsen at han kjende Faye (Knudsen, 2001, s. 49, 252, 359, 585), so det kann ha voret tilfellet at Knudsen fekk sjå ei ordskrå som Faye sat og emnade på. Men skråi me hev etter honom, er ikkje årsett. Sigurd Kolsrud trudde at handskrifti med skråi «er truleg frå 1840-åri» (Faye, 1958, s. 7), og det er fulla det Evensen hev misleset til at skråi er frå 1840. Men detta er rangt. Rødningen, Vikør og Worren (2020, s. 17–28) hev synt at Faye hev skrivet av skråi si etter den skråi som Ole Vig fekk på prent i 1855–56, og dei trur at Faye hev gjort henne etter eit uppkast frå Vig i bilet 1854–55 (sst., s. 28). Men me veit at Knudsen tok til å nøyta ordet *ordskifte* alt i 1853 (sjå sida 50). Dimed er det inkje grunnlag fyre å segja at Knudsen fekk ordet frå Faye.

### **«Knudsen tok ordet frå Ole Vig»**

Den nemnda ordskråi frå Ole Vig kom på prent i månadsbladet *Den norske Folkeskole* gjennom nie månadsnæme millom tiandemånaden

i 1855 og settemånaden i 1856, og Vig var sjølv styrar i bladet. Skråi er eit langt upptal med danske og andre utlendske ord frå «Bogsproget», der Vig legg fram avløysarord frå «Folkemalet». Fyremålet er å «optage flere og flere *norske* Ord i Skriftsproget» (1855–56, s. 110).

Ellevtemånenaden 1855 fører han upp «Debat (fr[ansk]) = Mejningsskifte, **Ordskifte**» (sst., s. 146). Det er trulega på detta grunnlaget at Finn-Erik Vinje skriv at «ordskifte for debatt er et annet av Knudsens forslag som har slått igjennom, men i dette tilfelle er det visstnok Ole Vig som er den egentlige opphavsmann» (1973, s. 175; 1978, s. 212). Det er snaudt rett, for her veit me med sanno korso ordet kom inn i ordskråi hans Vig. Det kann Knudsen sjølv fortelja um, må vita. I fyremælingi i den stora uppnorskingsordboki skriv han detta (1881, s. xiv):

Det er således dog ikke så farligt, om en hel del av mine ordforslag blir vraket, når et og annet av dem like vel blir vedtaget eller i alle fal har vo'n til med tiden at bli det. Jeg nævner mit „almenskole“, som i 1869 tilmed blev formelig lovetaget. På god vej er ordskifte (for **Debat**), som fra mig kom in i Ole Vigs samling [...].

Det er ingen grunn til å mistru Knudsen her. Vig og Knudsen kjende einannan vel (her kann ein fylgja tilvisingarne i mannaupptali hjå Johnsen (2006) og Bye (2014)), og det månadsbladet som ordskråi stod i, *Den norske Folkeskole*, gav dei ut i lag frå 1852 til 1855. Endå um Rødningen, Vikør og Worren (2020) synest ha leset fyremælingi hjå Knudsen, kjem dei lika fullt til at «[d]et er ikkje kjent um Knudsen spela noka rolle i ordlisteutgjevinga til Vig, som rådgjevar eller samtalepartnar» (sst., s. 43). Men alle tilburdarne og umstandi nemnde her er merke på at Knudsen både kjende til skråi og talde til.

Me vender atten til sjølva ordskråi. Det er ikkje på ein hitt at Vig skriv «Mejningsskifte, **Ordskifte**» som han gjerer. Her er det verdt å herma frå honom (1855–56, s. 110):

Undertiden, ja jeg kan sige tit, sammenstilles ogsaa 2 ord, omendskjønt det ene ikke er alene dansk, det andet alene norsk, men fordi det sidste kun er *mere* norsk og *mere* folkelig end det første.

Vig held med andre ord *ordskifte* fyre å vera meir norskt og meir

folkalegt en *meiningsskifte*, men det kann godt vera sams med dansk.

Næste månaden hev Vig eit innlegg i dagbladet *Christiania-Posten* um sama emnet, og skriv (Vig, 1855):<sup>11</sup>

Alle fremmede Ord, som En kan undgaa uden at gjøre sig fattig og latterlig, bør gives Afsked. [...] vi [har] Tusinder af Ord, som kan gives Rejsepas jo før jo heller. [...] Hvorfor kan vi ikke stadig skrive [...] bejte (istedetfor græsse), [...] ikonn (for Egern), Fødderne (for Benene), [...] Gut (istedetfor Dreng), Sau (for Faar), Ordskifte (for Debat), Maalføre eller Bygdemaal (for Dialekt) [...] o. s. v. o. s. v.? Ja, hvorfor kan vi ikke gaa et Skridt videre og optage ny[e] Ord af Folkesproget, hvor ingen af de mère bekjendte strækker til? Hvorfor kan ikke Volumen, som Ivar Aasen engang har sagt, ombyttes med Ruv — Anelse med Von, Dyst med Bask eller Basketak o. s. v.? — Jo, man kunde Meget, naar man bare alvorlig vilde.

Her tykkjer Vig at *ordskifte* er «af de mère bekjendte» norske ordi, ulikt ord som *von*. Både i ordskråi og i bladinnlegget gjeng Vig med andre ord langt i å halda *ordskifte* fyre å vera eit *norskt* ord. Det er liklegt at han hev fengset ordet frå Knudsen, som sagt ovanfyre, men korso hev Vig fengset fyre seg at ordet er norskt? I fyremælingi til ordskråi si berrlegg han kvar han hev ordi sine frå, og kann fortelja at «Det er vel overflødig at tilføje, at jeg har holdt mig til Ivar Aasens Værker» (1855–56, s. 110). Rødningen, Vikør og Worren (2020, s. 30) hev teket fyre seg alle uppslagsordi i Vig-skråi på s-, som det er 291 av. Under desse tel eg um lag 500 avløysarord og ordskap. Millom desse avløysarordi nemner Rødningen, Vikør og Worren (sst., s. 34) berre elleve ord og ordskap som ikkje stend i fyrsta utgjevi av Aasen-ordboki (1850). Try av deim er kjende frå målföri, so Vig hev snaudt lagat deim; han hev berre kjent deim sjølv frå sitt eget elder andre målföre.<sup>12</sup> Eitt av ordi kann han ha teket frå dansk.<sup>13</sup> På enden av skråi legg han til at eit umframt fyremål med ordupptalet hev voret å «give de Folk, der

11. Innlegget er underskrivet med bokstaven «a.», men det er Ole Vig som hev ritat det, sjå Halvorsen (1885–1908 6, s. 129).

12. Desse ordi er *Mellembolk*, *storflire* og *Varastyri*, sjå NO. Ordet *Varamann* stend hjå Ross (1895, s. 888), men han heimfester det ikkje, so eg trur det må vera eit bokord.

13. Det gjeld *ordspids* fyre *spydig* i *Ord*, som han trulega hev teket frå dansk *ordspidsig* (DO 4, s. 217).

ikke har Lejlighed til at læse Aasens „Ordbog”, et alsidigere Begreb om Folkemalets Ordrigdom og store Afgivelser fra Skriftsproget» (1855–56, s. 373). Som me ser, fylgjer Vig ordboki hans Aasen helder traust. So når Vig held *ordskifte* fyre eit norskt ord og held seg til Aasen-ordboki i mesta alt, vert det naudsynt å røkja etter kvat Aasen hev å segja um detta ordet.

### Ivar Aasen og nynorsk

Fyrsta sinnet ein nordmann hadde ordet *ordskifte* på prent, var radt då Ivar Aasen tok ordet med i fyrsta utgjevi av ordboki si, der uppslaget er «**Orskifte**, n. Ombytning af Ord, Forandringer i Udtrykket» (1850, s. 350). Merka at tydingi her er korkje ‘ordkast’, ‘dryfting’ elder ‘røda’, men ‘ordbrigde, ordvending, det å setja eit ord fyre eit annat’ (denne tydingi kann finnast i gamalnorsk au, sjå fotmerknad 7). Det er sjølv sagt at både Knud Knudsen og Ole Vig hev seet og visst detta. Det kann godt vera sant at det var Knudsen som gjorde Vig vis på ordet, men Vig hev i alle høve sleget upp ordet hjå Aasen og seet at ordet stend der, endå um tydingi er ei onnor. Det hev fulla voret nog fyre Vig til å segja at ordet er norskt.

Etter at Vig førde upp ordet i skråi si til avløysar fyre *debatt*, vart ordet holder snøgt utbreiddt i denne tydingi i Norig. Berre dagar etter at Vig talde til ordet i *Christiania-Posten*, kjem ordet fram i dagbladi, som til dømes i *Christiania-Posten* den 22/12 og 23/12 1855 og i *Christiania Intelligentssedler* den 24/12 1855. Som nemnt på sida 56 totte Knudsen at *ordskifte* var «på god veg» til å verta godtekst fyre ‘debatt’. Jamvel i Danmark vart detta ordet jamt meir vanlegt. Det kjem fram i denne danske umtalen frå 1875 (Dahl, 1875, s. 339):

**ordskifte** = discussion, dialog, disput, — oldn. orðaskipti, er nu så alm., at det ikke trænger til støtte. [...] Den gang [i 1866] syntes brugen af *ordskifte* for disput at være i sin begyndelse; nu holdes der næppe et møde, hvor ordet ikke bruges i forbindelser, som: *ordskiftet* indlededes af N.N., *ordskiftet* var overordentlig levende, *ordskiftet* gav godt udbytte for tilhørerne.

Meir å segja i denne samanhengen hev det at ordet i tydingi ‘ordkast; dryfting; samtale’ vart havt i norsk lester au, då folk smått um senn tok til å skriva på norsk. Aasmund Olavsson Vinje nøytte

ordet idigt, heilt frå di at han tok til å gjeva ut vikobladet *Dølen* i 1858 (sjå millom annat 1,2, s. 1; 1,3, s. 4; 2,3, s. 5 osb.). Andre døme frå norske bokstykke i denne tidlega tidi er Nielsen (1870, s. 132) og Krohn (1871, s. 59, 63; 1872, s. 278).

Denne ordnøytslo er Aasen vorten var, det er visst. Då han såg kor vanlegt ordet hadde vortet i denne tydingi millom målmennar og i norske bokstykke, hev han trulega voret på leit etter henne i bygdarmåli. Og det er likt til at han fann henne, for i den endelega utgjevi av ordboki frå 1873 legg han til tydingi ‘Ordvexel’, men byrter at denne tydingi er «Sjeldén» (1873, s. 557). Det er ikkje heilt orventes at tydingi var å finna i norsk, for det er berre ein arv frå gamalnorsk, sjå sida 50–51.

Utgangen er i alle høve at ordet *ordskifte* fanst i nynorske målføre, oftaste med tydingi ‘ordbrigde, ordvending’, men au med tydingi ‘ordkast; dryfting; samtale’ elder dilikt. Ivar Aasen tok det med i både ordbökerna sina (1850; 1873), og med det var han den fyrste nordmannen som hadde ordet på prent i Norig, tvau år fyre Hans Brun (sjå sida 54). Lika fullt er det litet som dreg i den leidi at vinarflokkene med Brun, Knudsen og Vig lagde so myket lag på at ordet stod hjå Aasen, då dei alle tok til å nøyta ordet i bilet 1852–55. Kvæ Knudsen sjølv hadde å segja um ordet, skal me sjå på no.

### Kvat sagde Knudsen um *ordskifte*?

Knud Knudsen sjølv hev aldri sagt elder ymtat frampå um at han «lagade» elder «fann på» ordet *ordskifte*. Han tok til å nøyta ordet sjølv i 1853, året etter at vinen Hans Brun hadde ordet på prent tvau skov (sjå sida 54), og på um lag sama tidi skal han ha talt til vinen Ole Vig um å taka det med til avløysarord fyre *debatt* i den ordskråi som kom på prent frå 1855 (sjå sida 55–58). Som nemnt i inngangen på sida 48 lagde Knudsen i den stora ordboki si *ordskifte* fram til avløysarord fyre ei lang rad utlendske ord. Sume stader i denne boki greider Knudsen ut um ordet, og dei stelli er verde å herma (1881, s. 93–94, 113, 127):

**Brevvexling**, brev-skifte? Jfr. ord-s. Skifte ord, sk. brev, i likhet med skifte hug, kugler med hinannen. Ordskifte, i \* og hos Mol[bech], om samtale og »Debat«, forudsætter jo ordlaget at skifte ord, ø: at tale skiftevis. Det samme ligger i ordvexel, men som er tysk.

**Debat**, ordskifte, menings-strid, samråd [...], drøftelse. Ordskifte i \* er = ordbyte, ombytning av ord [...].

**Disput**, \*ordkast, ordskifte (H[ans] D[ahl]; gl. n. orðaskipti, o: „Ordvexel, Samtale”), uenighet, tvist [...].

Stjernoteiknet \* gjerer Knudsen greida fyre i fyremælingi, der han skriv «\* (stjærne) f. norsk almuesmål, bygdemål» (1881, s. xxix), og det er jamgoda med dei two ordbokerna hans Aasen (1850; 1873).

Som me kann lesa or desse stutte utgreidingarne, hev Knudsen full vissa um upphavet å detta ordet. Han kjenner til ordet i gamalnorsk og tydingi der (sjå sida 50–51), og han viser til kvat tydingar detta ordet hev i ordbokerna um norske målføre (Aasen, 1850; 1873) og um det danska bokmålet (Molbech, 1833; 1859), sjå sida 53 og 58–59. Det er uråd å lesa or detta at Knudsen skal ha lagat ordet sjølv, og di er det vandt å skyna korso ei lang rad målgranskurar lika fullt er komne til den endalykti. Det er uvisst um dei hev leset det Knudsen sjølv skriv um detta ordet i ordboki si, sidan ingen av deim viser til det.

I næste bolken skal eg leggja fram det som eg trur er rimelegaste gangen å ordet *ordskifte* inn i norsk-dansk, og dinæst skal eg taka fyre meg korso det kann hava seg at denne villsegni um at Knud Knudsen sjølv fann på detta ordet, hev breidt um seg i so manga grunnbøker og yrkesbøker.

### Upphavet åt ordet *ordskifte* i norsk-dansk

Um me legg saman det som er sagt og gjenomgjenget til no i detta stykket, endar me med nokot som synest vera rimelegaste sogo åt ordet *ordskifte* i norsk-dansk. Ordet er kjent på gamalnorsk, og det er berre eit uheppshende at det ikkje er kjent i gamaldansk, der tilfanget er myket mindre en fyre gamalnorsk. På gamalnorsk tyder ordet ‘ordkast; dryfting; røda’ og dilikt, og det er avleidt frå ordlaget *å skifta ord ved einkvar*, som tyder det sama som å tala ved einkvar. Det sama lyt ha voret fallet i gamaldansk. Det gamaldanska ordet hev greidd seg inn i nydansk tid, der ordet er vel stadfest, og hev radt same tydingarne som me kjenner frå gamalnorsk. Ordet kjem difyre med i det som vart hovuduppslagsverket fyre dansk bokmål på den tidi, og det var ordboki hans Molbech (1833), som «kanskje stod i alle kultiverte folks hyller» (Rødningen, Vikør og Worren, 2020, s. 33). Her vert ordet uttydt med ‘Samtale, hvori de Talende hyppigen afbryde hinanden; Ordvexling, Ordstrid’. Ordet hev skillega havt den ålmenne tydingi ‘røda, samtale’ au, for Nikolai Grundtvig prest nøyter det soleides i bokerna sina.

Nordmannen Hans Brun var ein ihugad grundtvigsmann, og hev liklega leset verki hans Grundtvig noggrant. Trulega hev Brun hemtat ordet *ordskifte* i tydingi 'røda, samtale' frå honom, og nøytt det tvau skov i sine eigne bokstykke i 1852. Vinen Knud Knudsen les desse stykki, merkar seg ordet *ordskifte*, og slær det upp i ordboki hans Molbech. Me veit at Knudsen hev havt denne ordboki i hondom, og han viser ofta til henne i *Haandbog i dansk-norsk Sproglære* frå 1856. Uttydingi hjå Molbech fær Knudsen til å sjå at *ordskifte* vore eit framifrå godt avløysarord fyre lánordi *debatt*, *diskusjon* og *dilikt*, og han tek ordet til seg med sama i eigna uppteikningar med denne tydingi. Vinen hans, Ole Vig, er som Knudsen ein trottug uppnorskar av det danske bokmålet, og Knudsen veit at han sit og emnar på ei ordskrå med norske avløysarord. Knudsen vitrar honom um ordet *ordskifte*, og tel honom til å taka det med i skråi til avløysar fyre *debatt*. Vig held seg nokot traust til Aasen (1850), og slær upp og finn ordet der, endå det hev ei onnor tyding. Men det er godt nog til at Vig læt um at ordet er norsk og folkalegt, og han tek det med i ordskråi og lyfter det fram i eit bladinnlegg. Ordet fær snøgt vind i segli på både norsk-dansk og norsk, og med tidi tykkjer Knudsen at han skal hava ros fyre det, og nemner difyre i fyremælingi i ordboki si i 1881 at det er *han* som fekk Vig til å taka ordet med i skråi si.

Det er soleides eg trur det kann ha gjenget fyre seg. Det er sjølvsgåt at det er vandt å vita kven som hev sagt kvat til kven og til kvat tid i vinarflokkene med Brun, Knudsen og Vig, men det er meir liklegt at Knudsen hev fenget ordet frå Brun en tvert um. Det er two grunnar til det. Den eine er at Brun nøyter ordet fyre Knudsen (1852 mot 1853), og den andre er at Brun hev ordet i ei onnor tyding ('røda, samtale') en det Knudsen hev ('ordkast; dryfting'). Den tydingi Brun nøyter, er ei me finn i verki frå ljoset hans, Nikolai Grundtvig, men den tydingi Knudsen nøyter, er den me finn i ordboki (Molbech, 1833). Hadde Brun fenget vita um ordet frå Knudsen, hadde det ikkje voret nokon grunn til at Brun tok ordet i ei onnor tyding.

Det som i alle høve er visst, er at *ordskifte* i hovudsaki er eit *dansk* ord i både norsk og norsk-dansk. Ordet var alt velkjent i dansk då Hans Brun og Knud Knudsen tok det til seg i 1850-åri. I uppnorskingsordboki si viser Knudsen til den danske ordboki frå Molbech (1859) når det gjeld tydingi 'debatt', og han set det upp mot den norske tydingi 'ordbrigde' som stend hjå Aasen (1850). At Aasen tok med den sjeldhøynda tydingi 'Ordvexel' i andra utgjevi

av ordboki i 1873, hev litet å segja i denne samanhengen, for då hadde ordet alt sleget igjenom i både norsk og norsk-dansk lester. Den tokken mange hev um at *ordskifte* er eit «nynorsk» ord, å kalla, som hev vunnet rom i norsk-dansken, er med det rang.

### Villsegni um upphavet åt *ordskifte* i Norig

Det er audsynt frå ordbökerna og det Knud Knudsen sjølv skriv um ordet *ordskifte*, at det er eit gammalt ord som kom inn i norsk-danske bokstykke i 1850-åri frå dansk bokmål, og frå ordskräi hans Ole Vig med norske avløysarord breidde det seg jamvel til det norske bokmålet. Dimed er det ikkje lett å skyna korso denne villsegni um at Knudsen sjølv lagade ordet, er uppkomi, og kvi ho er vorti so utbreidd hjå norske målgranskurarar (sjå sida 49–50). Det som gjerer det umframta vanskalegt å rekkja vegen etter villsegni, er at målgranskurarar jamnaste ikkje nemner kvat kjeldor dei hev nøytt i bokerna sina (sjå denne åtfinningi hjå Stausland Johnsen, 2019, s. 126; 2020, s. 100, 103; 2021, s. 209–210; 2023, s. 149–151). Men det som i alle høve er visst, er at det som stend i ymsa innføringsbøker, og andra yrkesbøker med, oftaste er skrivet av eldre bøker. Um me set upp dei ordi som desse målgranskurararne segjer Knudsen sjølv lagade, kann det hjelpa oss på vegen, for då kann me vonlega sjå korso folk hev gjort etter den ordstraudi dei fann i gamle bøker.

I tavla 1 er eitsovoret uppset gjevet. Sulorna gjev dei ordi som Knudsen skal ha lagat, og raderna dei kjeldorna som vart upptalda på sida 49. Som me kann sjå i denne tavlo, synest dei fleste ordi å ætta frå Seip (1936). Lundeby lagde til *hundreår* i 1956, Vinje lagde til *skriv* og *fræmhåldsskole* i 1972, og Vikør lagde til *meningsskilnad* i 1990. Det er sjølvsynt frå tavlo at når einkvar legg til eit ord, som til dømes *hundreår* i 1956, då gjerer andre etter. Det som nækjer at detta er ettergjering og ikkje soget or eige brjost, er at myket, og kann henda det mesta, av det som kjem fram i detta ordupptalet, er rangt. Knudsen hev ikkje lagat ordet *ordskifte*, og holder ikkje ord som *riksmål*, *tonelag*, *hundreår*, *skriv* og *meningsskilnad*. Det er uliklegt at so mange granskurarar sjølvrådne er komne til at Knudsen skulde ha lagat nemningi *ordskifte*, og lika uliklegt at so mange på eigi hand skal ha trutt det sama um *hundreår* etter 1956 då Lundeby fyrst let um det. Det er allstødt ettergjering av gleppar og mistak som byrter at nokot er avskrift.

Når det gjeld dei nemnde ordi, er *tonelag* og *hundreår* kjende ord frå dansk i tidi fyre Knudsen (sjå t.d. Levin, 1844, s. 24–27; DO 2,

	almenskole	ordskifte	setningskjede	bakstrev	bakstrever	riksmål	tonelag	hundrår	skriv	fræmhåldsskole	meningsskilnad	bakstrevorsk
Seip 1913	x	x										
Seip 1936	x	x	x	x	x	x	x					
Lundeby 1956	x	x		x				x				
Gundersen 1967	x	x		x	x	x	x					
Vinje 1972	x	x		x				x	x	x		
Lundeby 1975	x	x		x				x	x			
Skard 1976	x	x	x	x	x	x						
Halvorsen 1983		x		x								
Vikør 1990		x		x			x	x		x	x	
Lundeby 1995		x		x				x				
O. og Aa. <sup>14</sup> 1999	x	x	x	x			x	x				
Vinje 2001		x		x	x							
Lundeby 2005		x			x							
Bull 2021	x	x		x								x

TAVLA 1: Ord Knud Knudsen skal ha lagat sjølv

s. 662), og *skriv* er eit norskt målføreord som stod i både danska og norske ordbøker på den tidi (DO 6, s. 436; Aasen, 1850, s. 436). Etter det eg kann sjå, er *riksmål* og *meningsskilnad* ord som fyrst kom på prent i norske stykke; Aasmund Olavsson Vinje med *riksmål* i 1861 (1861, s. 99), og ein namnlaus bladmann med *meiningsskilnad* i bladet *Fedraheimen* 2/4 1879. Um desse tvau ordi kann kallast «nylagingar» i norsk, er eit opet spørsmål, for både synest vera tekne elder umsette frå svensk *riksspråk* og *meningsskillnad* (SAOB 17, s. M 793; 22, s. R 1869–70).

Det kann vera tilfellet at Knudsen var den fyrste til å nøyta ordskapi *almenskole*, *setningskjede* og *fræmhåldsskole* i Norig, men desse skapi er helder inkje annat en beina umsetjingar av tydske

14. O. og Aa. = Otnes og Aamotsbakken

og danske ord: *almenskole* av tydsk *Gemeinschule* (sjå t.d. Rondeau, 1740; Grimm og Grimm, 1854–1954 4/1/2, s. 3269), *setningskjede* av tydsk *Satzkette* (sjå t.d. Marx, 1845, s. 255; Högelsberger, 1859, s. 24), og *fræmhåldsskole* av dansk *fortsættelsesskole* (sjå t.d. Dahl, 1875, s. 76). Um ein vil kalla desse ordi «nylagingar» elder ei, spyrst kvat ein legg i nemningi «nylaging».

Når det kjem til stykket, er det fulla berre *eitt* ord i denne ordstraudi Knudsen visselega hev lagat sjølv, og det er *bakstrev*. Det er ei umsetjing av nyromsk *reaksjon* ‘atterslag, etterbera’, men ho er til ein viss mun frels og nyskapande. Det er merkande at *bakstrev* er au einaste ordet som Knudsen i ordbokfyremælingi beint fram segjer han hev lagat (1881, s. xv). Avleidingarne *bakstrever* og *bakstreversk* skriv han at det er andre som hev lagat.

Det er ikkje audsynt korso Didrik Arup Seip kom til at Knudsen hadde lagat alle dei ordi han remsar upp i 1936, og det er minst lika uvisst kvat hine målgranskargarne bygde på då dei lagde til fleire ord. Eg trur det myket godt kann koma av det som fulla er den størsta villo i all vitskapleg granskingsframferd, og det er stadfestingsfello, ei ovring me i kvardagen kallar «å sjå det ein vil sjå» (Nickerson, 1998). Knudsen var ein ihugad målblandar – livsverket hans var å norska upp det danske bokmålet til eit norsk-dansk blandingsmål. Han er som nemnt i inngangen til detta stykket «fader åt bokmålet», men i røyndi er han lika myket fader åt samnorsken, blandingsmålet millom norsk og norsk-dansk. På den visi er Knudsen både fyregangsmannen og det stora ljoset fyre dei målgranskargarne som hev strævat fyre norsk-dansk og samnorsk. Desse granskargarne hev visst at reinskning av ordtilfanget var ei stor merkesak fyre Knudsen, men samstundes seet at han i liten mun nådde fram med denne vinno. Men sidan Knudsen var den store fyregangsmannen deira, vilde dei gjerna tru at han i sume høve vann fram med detta strævet, og at ikkje alt var i fånøyto. Då var det um å gjera å leggja fram, både fyre seg sjølve og fyre lesararne, døme på kjende ord i norsk og norsk-dansk bokmål som Knudsen «lagade», og som me alle kann hava gagn og glede av i dag. Når dei kom yver velkjende ord millom avløysarordi hans Knudsen, då var vegen snar til å døma at Knudsen lyt ha *lagat* desse velgjorde ordi. Og når ein hev funnet det ein vilde finna, då sit det langt inne å mistru elder evast um sin eigen tokknad, endå det ein granskars skal gjera, er å røyna ut um det ein fyrst hev trutt, er sant. I mange av desse falli hadde ikkje det kravt meir en å slå upp i ei dansk ordbok, men det hev ikkje hendt. Det er snaudt på

ein hitt at alle dei målgranskaraarne som hev lagt til ord i tavla 1, er velkjende strævarar fyre norsk-dansk og samnorsk, det er Didrik Arup Seip, Einar Lundeby, Finn-Erik Vinje og Lars S. Vikør.

Eg vil leggja brett på at eg allfares ikkje mistrur desse granskaraarne fyre at dei hev havt «dulde fyremål» elder med vitende og vilje hev faret åt soleides i saki. Me lyt minnast at stadfestingsfello er ei vildring ingen av oss kann frelsast frå, og det er radt difyre me hev fastlagde gjerdarlag fyre korso me skal fara fram når me vil røyna gissemåli våre. Me kann ikkje lita på vår eigen tokknad, for då ser me det me vil sjå, må vita.

## **Utgang**

I ei heil rad med skulabøker og yrkesbøker kann me lesa at målmannen Knud Knudsen «lagade» ordet *ordskifte*, og det er eit påstand ei lang skreid med målgranskaraar hev komet med. I detta stykket hev eg synt at det påstandet er rangt. *Ordskifte* er eit gammalt ord som ættar heilt frå forntidi, og det var eit velkjent ord i nydansk i tidi fyrr en Knudsen tok til å skriva (1750–1850). Ein kann lett finna ordet i manga ordbøker og andre bokstykke frå den tidbolken. Knudsen var holder ikkje fyrste nordmannen som nøytte ordet i Norig, for det synest ha voret vinen hans, Hans Brun, og trulega er det frå honom Knudsen hev fenget vita um ordet fyrst. Ordet kjem med andre ord frå dansk bokmål.

No som eg hev lagt fram desse tilburdarne og denne domen, kunde det vera von um at det rangta påstandet um upphavet åt ordet *ordskifte* ikkje lenger kjem fram i skulabøker og yrkesbøker. Det er uvisst um det kjem til å henda. At Knudsen hev lagat ordet, er nokot so mange hev høyrt og leset so mange skov at det fulla hev fest seg i hugen på folk som det vore sanningi. No er det nokot folk berre *veit*. Ordet kjem i røyndi frå dansk, men villsegni um ordet er vorti so sterk at no trur jamvel danske ordsogogranskaraar at det nydanska ordet er eit lån frå norsk (Nielsen, 1989, s. 315) — røyndi er vorti snudd på hovudet.

Eit godt døme på kor vanskalegt det er å retta upp i inngrodda fesjor, gjeld ordet *tonelag*. Som nemnt i detta stykket er det au eit ord som Knudsen tok frå dansk, men som norske målgranskaraar hev sagt at Knudsen lagade sjølv. Denne rangtrui kunde Trygve Knudsen retta upp i alt i 1946, då han synte at Knudsen hadde teket ordet frå danske målgranskaraar (1946, s. 7–8). Målsogoskrivaren Vemund Skard viste til detta stykket, og tok di ordet or upptalet

med ord som Knud Knudsen skulde ha lagat (1976a, s. 115–116). Men det hindrade ikkje Lars S. Vikør frå å setja ordet innatter seinare (1990, s. 62), og dimed kann me enno lesa i dei seinaste målsogobøkerna at Knudsen hev lagat ordet *tonelag* (Torp og Vikør, 2014, s. 212; Otnes og Aamotsbakken, 1999b, s. 146). Vonlega fær rettingi um upphavet åt *ordskifte* i detta stykket ein meir heppeleg lagnad.

### *Lesnad*

- Baden, Jacob. 1786. *Latinsk-dansk Lexicon eller Ordbog, indbeholdende det latinske Sprogs Ord og Talemaader af de beste latinske Skribenter, indtil Udgangen af det 5te christelige Aarhundrede*. 2 band. Kiøbenhavn: Christian Friderik Holm.
- Berge, Anne Lene. 1995. *Impuls 2. Teoribok*. Bokmål. Oslo: Cappelen.
- Berulfsen, Bjarne o.a. 1967. *Ordet. Kåserier om ordenes liv – om deres makt til godt og til vondt, om deres vandringer og metamorfoser*. Fakkelt 116. Oslo: Gyldendal norsk forlag.
- Blöndal, Sigfús. 1920–24. *Íslensk-dönsk orðabók*. Reykjavík: Verslun Þórarins B. Þorlákssonar.
- Brun, H. 1852a. *Norne-Gjæst. Folkevennen 1*, s. 123–131.  
— 1852b. *De mærkligste Sagn fra Forfædrenes Gudeverden. Til Skolebrug og Folkelæsning*. Christiania: Chr. Schibsted.
- Braadland, Jan Faye. 2001. *Faye, Andreas. Norsk biografisk leksikon*. Band 3: *Escholt Halvdan*. Jon Gunnar Arntzen styrde. Oslo: Kunnskapsforlaget, s. 78–79.
- Bye, Arild. 2014. *Folkevennen Ole Vig*. Oslo: Aschehoug.
- Dahl, Hans. 1875. *Dansk hjælpeordbog til fredning af det hjemlige og uddrivelse af det unyttige fremmede i vort modersmål*. København: G.E.C. Gad.
- Dahl, Helge. 1962. *Knud Knudsens latinskolen*. Universitetsforlaget.
- DN = *Diplomatarium Norvegicum*. 1847–2011. *Oldbreve til Kundskab om Norges indre og ydre Forhold, Sprog, Slægter, Sæder, Lovgivning og Rettergang i Middelalderen*. Chr. C. A. Lange og Carl R. Unger styrde. 23 band. Christiania: P.T. Mallings Forlagshandel.
- DO = *Dansk Ordbog*. 1793–1905. 8 band. Udgiven under Videnskabernes Selskabs Bestyrelse. Kiøbenhavn: R. Møller og Søn.
- Evensen, Anders Skrede. 1979. *A. O. Vinje som målreinsar*. Hovudoppgåve. Oslo: Institutt for nordisk språk og litteratur. Universitetet i Oslo.
- Faye, Andreas. 1958. *Dansk-norsk ordbog*. Skrifter frå Norsk Målførearkiv 14. Oslo: A/S Bokcentralen.
- Fritzner, Johan. 1886–96. *Ordbog over det gamle norske Sprog*. 2. utg. 3 band. Kristiania: Den norske Forlagsforening.
- Grimm, Jacob og Wilhelm Grimm. 1854–1954. *Deutsches Wörterbuch*. 16 band. Leipzig: S. Hirzel.
- Grundtvig, Nik. Fred. Sev. 1844. *Skov-Hornets Klang mellem Skamlings-Bankerne*. Kiøbenhavn: C. A. Reitzel.
- Gundersen, Dag. 1967. *Fra Wergeland til Vogt-komiteen. Et utvalg av hovedtrekk og detaljer fra norsk språknormering*. Universitetsforlaget.

- Gundersen, Dag og Tove Bull. 2021. Knud Knudsen. *Store norske leksikon*. Erik Bolstad styrde. <https://snl.no/.versionview/1361969>.
- Guttu, Tor (styr.). 1991. *Aschehoug og Gyldendals store norske ordbok. Moderat bokmål og riksmål*. Oslo: Kunnskapsforlaget.
- (styr.). 2017. *Kunnskapsforlagets store norske ordbok*. 3. utg. Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Halvorsen, Eyyvind Fjeld. 1983. Norsk språk. *Språkene i Norden*. Bertil Molde og Allan Karker styrde. Utgitt av Nordisk språksekretariat. Cappelen, s. 21–42.
- Halvorsen, J. B. 1885–1908. *Norsk Forfatter-Lexikon. 1814–1880*. Paa Grundlag af J. E. Krafts og Chr. Langes „Norsk Forfatter-Lexikon 1814–1856“. 6 band. Kristiania: Den norske Forlagsforening.
- Hanssen, Eugène. 1925. Brun, Hans. *Norsk biografisk leksikon. Band 2: Bjørnstad Christian Fredrik*. Edv. Bull, Anders Krogvig og Gerhard Gran styrde. Oslo: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard), s. 215–216.
- Hovdenak, Marit o.a. (styr.). 1986. *Nynorskordboka. Definisjons- og rettskrivingsordbok*. Oslo: Det norske samlaget.
- (styr.). 2006. *Nynorskordboka. Definisjons- og rettskrivingsordbok*. 4. utg. Oslo: Det norske samlaget.
- Hægstad, Marius. 1924. *Norsk målsoga. Forskule og heim*. 4. utg. Norske folkeskrifter 22. Oslo: Noregs ungdomslag og student-mållaget.
- Högelsberger, Karl Georg. 1859. *Das Gesamtgebiet der deutschen Sprachwissenschaft im Abriß*. Wien: Carl Gerold's Sohn.
- Indrebø, Gustav. 1947. *Norsk målsoge*. 3. utg. Bergen: A.S Lunde & Co.
- 2001. *Norsk målsoga*. 2. utg. Bergen: Norsk bokreidingsforlag.
- Johnsen, Egil Børre. 2006. *Unorsk og norsk. Knud Knudsens En beretning om bokmålets far*. Bokbyen.
- Jón Hilmar Jónsson. 2005. *Stóra orðabókin um íslenska málnotkun*. Reykjavík: JPV útgáfa.
- Kalkar, Otto. 1881–1918. *Ordbog over det ældre danske sprog (1300–1700)*. 5 band. København.
- Knudsen, K. 1856. *Haandbog i dansk-norsk Sproglære*. Kristiania: J.Chr. Abelsted.
- 1867. *Det norske målstræv*. Kristiania: Brøgger & Christie.
- 1881. *Unorsk og norsk, eller fremmedords avløsning*. Kristiania: Alb. Cammermeyer.
- 2001. *Reiseminner. 1847–1892*. Bjørn Eithun styrde. Utgitt av Bymåslaget. Oslo: Det norske samlaget.
- Knudsen, Trygve. 1946. Om Knud Knudsens «Haandbog». *Maal og minne*, s. 2–11.
- Konrað Gíslason. 1851. *Dansk-islandske Ordbog*. Kjøbenhavn: Gyldendalske Boghandling.
- Krohn, Henrik. 1871. Ute og heima. *Fraa By og Bygd* 5, s. 55–77.
- 1872. Ute og heima. *Fraa By og Bygd* 3, s. 262–287.
- Leitre, Arild, Einar Lundeby og Ingvald Torvik. 1975. *Språket vårt før og nå*. Band 1: *Språkhistorie og dialekter*. Gyldental norsk forlag.
- 1990. *Språket vårt før og nå. Språkhistorie, norrønt, dialekter*. 3. utg. Gyldental norsk forlag.
- Levin, I. 1844. *Haandbog i den danske Sprogs Grammatikk. Nærmere bestemt til Selvstudium. Lydlære*. Kjøbenhavn: Samfundet til den danske Literaturs Fremme.

- Lund, G.F.V. 1877. *Det ældste danske skriftsprøgs ordforråd. Ordbog til de gamle danske landskabslove, de sønderjyske stadsretter samt øvrige samtidige sprogmindesmærker (fra omtr. 1200 til 1300)*. København: C.A. Reitzels forlag.
- Lundeby, Einar. 1995. Knud Knudsen — riksmålets fader, bokmålets bestefar. *Språknytt* 23.4, s. 1–5.
- 2005. Language cultivation and language planning III: Norwegian. *The Nordic languages. An international handbook of the history of the North Germanic languages*. Oskar Bandle o.a. styrde. Band 2. Handbücher zur Sprach- und Kommunikationswissenschaft 22. Berlin: Walter de Gruyter, s. 1984–1996.
- Lundeby, Einar og Ingvald Torvik. 1956. *Språket vårt gjennom tidene. Kort norsk språkhistorie*. Oslo: Gyldendal norsk forlag.
- 1972. *Språket vårt gjennom tidene. Kort norsk språkhistorie*. 6. utg. Oslo: Gyldendal norsk forlag.
- Marx, Adolph Bernhard. 1845. *Die Lehre von der musikalischen Komposition. Praktisch theoretisch*. Band 3. Leipzig: Breitkopf und Härtel.
- Molbech, Christian. 1833. *Dansk Ordbog inbeholdende det danske Sprogs Stammeord, tilligemed afledede og sammensatte Ord, efter den nuværende Sprogbrug forklarede i deres forskellige Betydninger, og ved Talemaader og Exempler oplyste*. 2 band. København: Gyldendalske Boghandlings Forlag.
- 1859. *Dansk Ordbog inbeholdende det danske Sprogs Stammeord, tilligemed afledede og sammensatte Ord, efter den nuværende Sprogbrug forklarede i deres forskellige Betydninger, og ved Talemaader og Exempler oplyste*. 2. utg. 2 band. København: Gyldendalske Boghandling.
- Mombritius, Boninus. 1910. *Sanctuarium seu vitae sanctorum*. Band 2. Novam hanc editionem curaverunt duo monachi Solesmenses. Paris: Fontemoing et socios.
- Nickerson, Raymond S. 1998. Confirmation bias: A ubiquitous phenomenon in many guises. *Review of General Psychology* 2.2, s. 175–220.
- Nielsen, J. E. 1870. *Gamla Sogor um Hellas og Persarriket*. Christiania: Det norske Samlaget.
- Nielsen, Niels Åge. 1989. *Dansk etymologisk ordbog. Ordenes historie*. 4. utg. Gyldendal.
- NO = Norsk ordbok. 1966–2016. *Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*. Alf Hellevik styrde. 12 band. Oslo: Det norske samlaget.
- NRO = Norsk riksmålsordbok. 1937–57. Trygve Knudsen og Alf Sommerfelt styrde. 2 band. Utgitt av Riksmålsvernet. Oslo: H. Aschehoug.
- Oddr Snorrasøn. 1932. *Saga Ólafs Tryggvasonar*. Finnur Jónsson styrde. København: G.E.C. Gads forlag.
- Óláfr Þórðarson hvítaskáld. 1998. *Dritte grammatische Abhandlung. Der isländische Text nach den Handschriften AM 748 I, 4° und Codex Wormianus herausgegeben von Björn Magnus Ólsen; übersetzt, kommentiert und herausgegeben von Thomas Krömmelbein*. Studia Nordica. International contributions to Scandinavian studies 3. Oslo: Novus.
- Otnes, Hildegunn og Bente Aamotsbakken. 1999a. *Tekst i tid og rom. Norsk språkhistorie*. Oslo: Det norske samlaget.
- 1999b. *Tekst i tid og rom. Norsk språkhistorie*. 5. utg. 2017. Oslo: Det norske samlaget.
- Primon, Carl Friedrich. 1827. *Lexicon over de fremmede Ord og Udtryk, der jevnlig forekomme i det danske Sprog, i enhver Green af Videnskaberne og Kunsterne, med*

- hosføjet Oversættelse og Forklaring, indebeholdende tillige en kort Beskrivelse over de vigtigste Personer og Gienstande af den græske, romerske og nordiske Gudelære; Efterretninger om alle Ridderordener og geistlige Ordener; samt en Beskrivelse over de Allegorier, der bruges til at forestille Tanker, Handlinger og Begivenheder paa Tegninger, Malerier og Decorationer. 3. utg. Kjøbenhavn: A. Soldins Forlag.
- Registre.* 1989. Ordbog over det norrøne prosasprog. København: Den arnamagnæanske kommission.
- RN = *Regesta Norvegica.* 1978–2015. Narve Bjørø og Sverre Bagge styrde. 10 band. Oslo: Kjeldeskriftfondet.
- Rondeau, Peter. 1740. *Neues Deutsch-Frantzösisches Wörterbuch. Enthal tend die bekanntesten und gemeinesten wörter der Teutschen Sprache, derselben eigentliche, verblümte, sprüchwörtliche und scherzhafte redens-arten, nebst vielen gelehrten und kunst-wörtern.* Alles aus bewährten schrifften gezogen. Vermehrte und verbesserte auflage. Leipzig.
- Ross, Hans. 1895. *Norsk Ordbog. Tillæg til „Norsk Ordbog“ af Ivar Aasen.* Christiania: Alb. Cammermeyers forlag.
- Rothe, Casper Peter. 1753. *Brave Danske Mænds og Qvinders berømmelige Eftermæle. Deres Levnet, Fremgang og Skiebne, uddraget af de over dem udstæde Liig-Prædikener og Programmata.* For Julii Maaned 1753. Band 2. København.
- Rødningen, Dagfinn, Lars S. Vikør og Dagfinn Worren. 2020. *Den første fornorskingsordlista. Ole Vigs Opskrift over norske Ord, som kan indføres i Skriftsproget.* Skrifter 2020 2. Trondheim: Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab.
- SAOB = *Ordbok öfver svenska språket.* 1898–2023. 39 band. Utgifven af Svenska Akademien. Lund: C. W. K. Gleerups förlag.
- Saxo Grammaticus. 1818. *Danmarks Krønike.* Første Deel. Nik. Fred. Sev. Grundtvig satte um. Bekostet af Krønikens Danske og Norske Venner. København: Det Schultziske Officin.
- 2005. *Gesta danorum. Danmarkshistorien.* Karsten Friis-Jensen styrde. Peter Zeeberg satte um. Band 1. København: Den danske sprog- og litteraturselskab & Gads forlag.
  - 2015. *Gesta danorum. The history of the Danes.* Karsten Friis-Jensen styrde. Peter Fisher satte um. 2 band. Oxford medieval texts. Oxford: Clarendon press.
- Seip, Didrik Arup. 1919. Anmeldelse af *Ordbog over det danske Sprog.* Nordisk Tidskrift for Filologi 8, s. 50–55.
- 1936. Knudsen, Knud. *Norsk biografisk leksikon.* Band 7: Jensen, Lars O.–Krefting. A.W. Brøgger og Einar Jansen styrde. Oslo: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard), s. 476–489.
  - 1976. *Lita norsk språkhistorie.* Nynorsk. 18. utg. Ved Oddvar Nes. Oslo: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard).
- Skard, Vemund. 1976a. *Norsk språkhistorie.* Band 3: 1814–1884. Foreløpig utgave. Oslo: Universitetsforlaget.
- 1976b. *Norsk språkhistorie.* Band 3: 1814–1884. Foreløpig utgave. 2. utg. Oslo: Universitetsforlaget.
- Skauftrup, Peter. 1953. *Det danske sprogs historie.* Band 3: *Fra Holbergs komedier til H.C. Andersens eventyr.* København: Gyldendalske boghandel. Nordisk forlag.
- Slay, Desmond (styr.). 1997. *Mírmanns saga.* Editiones Arnamagnæanae. Series A 17. Copenhagen: C.A. Reitzels forlag.

- Snorri Sturluson. 1931. *Edda*. Udgivet efter håndskrifterne. Finnur Jónsson styrde. København: Gyldendalske boghandel.
- Stausland Johnsen, Sverre. 2019. Grunnleggjande spørsmål om språkendring og norsk språkhistorie. Ein omtale av *Norsk språkhistorie I — Mønster*. *Norsk lingvistisk tidsskrift* 37.1, s. 77–138.
- . 2020. 1901-rettskrivinga, midlandsmakselen og riksstyremålet. *Arkiv för nordisk filologi* 135, s. 95–111.
  - . 2021. Ummæle av Ivar Berg *Språket som vart norsk*. *Norsk lingvistisk tidsskrift* 39.1, s. 207–219.
  - . 2023. Oppklaringer om 1901-rettskrivningen. *Norsk lingvistisk tidsskrift* 41.1, s. 147–173.
- Steinnes, Asgaut og Eirik Vandvik. 1965. *Latinsk ordbok*. 2. utg. Oslo: Det norske samlaget.
- Stjernholm, Karine. 2021. Språkplanlegging på 1800-tallet: Nasjonsbygging og behovet for et eget skriftspråk. *Norsk språkhistorie for lærarar*. Ingvil Brügger Budal styrde. Bergen: Fagbokforlaget, s. 102–128.
- Sveinbjörn Egilsson. 1931. *Lexicon poeticum antiquæ linguæ septentrionalis*. Ordbog over det norsk-islandske skjaldesprog. Forøget og påny udgivet for det kongelige nordiske oldskriftselskab ved Finnur Jónsson. 2. utg. København: S. L. Möllers bogtrykkeri.
- Torp, Arne og Lars S. Vikør. 1993. *Hovuddrag i norsk språkhistorie*. Ad Notam Gyldendal.
- . 2014. *Hovuddrag i norsk språkhistorie*. 4. utg. Oslo: Gyldendal.
- Unger, C. R. (styr.). 1877. *Heilagra Manna Sögur. Fortællinger og Legender om hellige Mænd og Kvinder*. Efter gamle Haandsritter [sol]. 2 band. Christiania: B. M. Bentzen.
- Venås, Kjell. 1985. Ordlassing på heimleg grunn. *Språk i Norden* 1985. Årsskrift for Nordisk språksekretariat og språknemndene. Else Bojsen o.a. styrde. Norsk språksekretariats skrifter 4. J.W. Cappelens forlag, s. 26–45.
- Vig, O. 1855. En liden Forpost-Fægtning for Norskhet i Skrift. *Christiania-Posten* 2615–2616, s. 1, 1–2.
- . 1855–56. Opskrift over norske Ord, som kan indføres i Skriftsproget. *Den norske Folkeskole* 4, s. 110–117, 146–149, 172–177, 214–218, 249–253, 286–288, 316–319, 334–338, 368–374.
- Vikør, Lars S. 1990. Liner i nyare norsk språkhistorie. *Eigenproduksjon* 37, s. 1–107.
- Vinje, A.O. 1861. *Ferdaminni fraa Sumaren 1860*. Band 2. Christiania: Bergh & Ellefsen.
- Vinje, Finn-Erik. 1972. *Norsk språk. Aktuelle språkproblemer, grammatikk, språkhistorie og norrønt*. Oslo: H. Aschehough & Co. (W. Nygaard).
- . 1973. *Et språk i utvikling. Noen hovedlinjer i norsk språkhistorie*. I. Fra reformasjonstida til ca. 1830. II. Fra 1830-åra til våre dager. Aschehoug.
  - . 1978. *Et språk i utvikling. Noen hovedlinjer i norsk språkhistorie fra reformasjonen til våre dager*. 2. utg. Aschehoug.
  - . 1979. *Norsk språk. Tilstand og vekst. Aktuelle språkproblemer, grammatikk, språkhistorie og norrønt*. 2. utg. Aschehoug.
  - . 2001. Knud Knudsen (1812–95). *Haandbog i dansk-norsk Sproglære*. Knud Knudsen skreiv. Utgitt av Bymåslaget. Oslo: Det norske samlaget, s. ix–xxxvi.
  - . 2002. Knudsen, Knud. *Norsk biografisk leksikon*. Band 5: Ihlen-Larsson. Jon Gunnar Arntzen styrde. Oslo: Kunnskapsforlaget, s. 299–300.

- Wills, Tarrin. 2017. Skraut-Oddr. *Skaldic poetry of the Scandinavian Middle Ages.* Band 3.1: *Poetry from treatises on poetics.* Kari Ellen Gade styrde. Turnhout: Brepols, s. 358–359.
- Aasen, Ivar. 1850. *Ordbog over det norske Folkesprog.* Udgivet efter det kongelige Norske Videnskabs-Selskabs Foranstaltning og paa dets Bekostning. Kristiania: Carl C. Werner & Comp.
- 1873. *Norsk Ordbog med dansk Forklaring.* Omarbeidet og forøget Udgave af ældre „Ordbog over det norske Folkesprog“. Christiania: P. T. Mallings Boghandel.